



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Møterom Dalsfjorden, 1. etg. på rådhuset
Dato: 17.11.2015
Tid: 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Margrete Trovåg	SP
Milan Ilic	Åshild Vik	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Heltne	Fagansvarleg planseksjonen
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skog, landbrukstenesta Ørsta Volda

Det var åtte røysteføre til stades ved møtestart.

Sindre Rotevatn kom kl. 15:45 under handsaming av sak 76/15, og det var då ni røysteføre til stades i framhald av møtet. Erlend Koppen fekk permisjon og gjekk kl. 17:10 under handsaming av sak 81/15. Det var då åtte røysteføre til stades under røystinga av sak 81/15.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 74/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 75/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 76/15	Planid 200700-01 - Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651 i Volda, gbr 19/950 og 862
PS 77/15	Gbr 20/24 deling av grunneigedom - dispensasjon frå kommuneplan og Jordlovshandsaming
PS 78/15	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan (Ridderstrøm 1987) gnr 19/ bnr 38/ fnr 54
PS 79/15	Bygging av landbruksveg - Ekornbakken - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova
PS 80/15	Bygging av Langegjerdevegen i Steinsvik - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova
PS 81/15	Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 - handsaming i forvaltningsstyret

PS 74/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til innkallinga. Saklista vart samrøystes godkjent.

PS 75/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Noverande forvaltningsstyre var ikkje valde og med på møtet den 13.10.15. Møteprotokollen frå møtet den 13.10.15 var tidlegare godkjent av dåverande leiar og nestleiar.

PS 76/15 Planid 200700-01 - Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651 i Volda, gbr 19/950 og 862

Administrasjonen si tilråding:

”Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av ferjekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 1. Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 2. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.”*

Handsaming:

Planleggarane Siv Sundgot og Brage Bragason frå Statens vegvesen var til stades og orienterte og svarte på spørsmål i høve saka.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av ferjekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 1. Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 2. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*
- 3. Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå ferjekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av ferjekai. Bruksløyve på ny ferjekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*
- 4. Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg sju røyster og vart vedteke. Tiltrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Rotevatn og Fylling).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:

- 1. Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 2. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*
- 3. Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*
- 4. Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*

PS 77/15 Gbr 20/24 deling av grunneigedom - dispensasjon frå kommuneplan og Jordlovshandsaming

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til pågåande arbeid med revisjon av kommuneplan og innspel til saka frå NVE, Statens vegvesen, Fylkesmannen og frå nabo, og finn ikkje å kunne tilrå dispensasjon for frådeling som omsøkt.

Vidare utbygging bør avklarast i overordna plan og eventuell reguleringsplan for området, der ein i planprosess få nærare avklara behov knytt til sikring og avsetting av areal langs vassdraget, vegsystemet og tomtearrondering tilpassa ei samla utbygging.

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret finn at avvika som det vert dispensert frå ikkje er så omfattande at omsynet til gjeldande føresegner i kommunedelplan vert vesentleg sett til side. Fordelane ved tiltaket

overstig elles klart dei ulemper tiltaket medfører, og dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad av 10.02.2015. Forvaltningsstyret gir løyve til frådelling etter jordlova §9.

Følgjande begrunning:

- *Den aktuelle eigedomen er allereie ei frådelt tomt frå hovudbruket.*
- *Frådellinga vil ikkje gi drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.*
- *Formålet med delinga vil vere til samfunnsgagnleg bruk, og gi auka busetnad i området.*
- *Dispensasjonen er heller ikkje i strid med §12 i jordlova då den ikkje er i strid med interessene den skal verne mot.*
- *Arronderinga synest god sett i høve til etablert infrastruktur og eksisterande bustad.*
- *Omsøkte deling ligg gunstig til i høve tilkopling vatn- og avløpsanlegg.*
- *Omsøkt deling er avgrensa og underordna den planlagde revideringa av kommuneplanen i området, og vil ikkje skape vanskar for ei framtidig samla planlegging.*

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk tilrådinga frå administrasjonen fem røyster og vart vedteke. Sindre Kvangarsnes fekk fire røyster og fall (Kvangarsnes, Fylling, Ilic og Koppen).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

Forvaltningsstyret viser til pågåande arbeid med revisjon av kommuneplan og innspel til saka frå NVE, Statens vegvesen, Fylkesmannen og frå nabo, og finn ikkje å kunne tilrå dispensasjon for frådelling som omsøkt.

Vidare utbygging bør avklarast i overordna plan og eventuell reguleringsplan for området, der ein i planprosess få nærare avklara behov knytt til sikring og avsetting av areal langs vassdraget, vegsystemet og tomtearrondering tilpassa ei samla utbygging.

PS 78/15 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan (Ridderstrøm 1987) gnr 19/ bnr 38/ fnr 54

Administrasjonen si tilråding:

- *Det synest ikkje vere grunnlag for utbygging til forretning etter gjeldande reguleringsplan i dag. Forvaltningsstyret gir ut frå dette dispensasjon frå plan for ei omdisponering av gnr 19 bnr 48-fnr 54 til bustadføremål. Forvaltningsstyret finn ut frå eigedomen sin lokalisering, alder og arkitektonisk kvalitet at eigedomen/bygget, som vilkår for dispensasjon, bør leggest inn under gjeldande reglar for "Spesialområde- bevaring av bygningsmiljø", med omsyn til kriteria for bygningsmessige tiltak. Jf. Reguleringsføresegnene §32-39.*
- *Forvaltningsstyret legg til grunn at vurdering av estetiske kriteriar og kriteriar knytt til fasademessig uttrykk og materialbruk mv vert vurdert ut frå desse plan-føresegnene ved handsaming av byggesøknaden.*

Handsaming:**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

- *Det synest ikkje vere grunnlag for utbygging til forretning etter gjeldande reguleringsplan i dag. Forvaltningsstyret gir ut frå dette dispensasjon frå plan for ei omdisponering av gnr 19 bnr 48-fnr 54 til bustadføremål. Forvaltningsstyret finn ut frå eigedomen sin lokalisering, alder og arkitektonisk kvalitet at eigedomen/bygget, som vilkår for dispensasjon, bør leggest inn under gjeldande reglar for "Spesialområde- bevaring av bygningsmiljø", med omsyn til kriteria for bygningsmessige tiltak. Jf. Reguleringsføresegnene §32-39.*
- *Forvaltningsstyret legg til grunn at vurdering av estetiske kriteriar og kriteriar knytt til fasademessig uttrykk og materialbruk mv vert vurdert ut frå desse plan-føresegnene ved handsaming av byggesøknaden.*

PS 79/15 Bygging av landbruksveg - Ekornbakken - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova**Administrasjonen si tilråding:**

I medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier godkjenner Forvaltningsstyret søknad frå Dag Bratteberg om oppgradering av Ekornbakken på Heltne/ Bratteberg frå traktorveg i vegkl. 7 til bilveg i vegkl. 4 etter Normalar for landbruksvegar. Det vert sett byggefrist på 3 år frå vedtak er gjort.

Handsaming:**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

I medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier godkjenner Forvaltningsstyret søknad frå Dag Bratteberg om oppgradering av Ekornbakken på Heltne/ Bratteberg frå traktorveg i vegkl. 7 til bilveg i vegkl. 4 etter Normalar for landbruksvegar. Det vert sett byggefrist på 3 år frå vedtak er gjort.

PS 80/15 Bygging av Langegjerdevegen i Steinsvik - handsaming etter Skoglova og Naturmangfaldlova

Administrasjonen si tilråding:

*I medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier godkjenner Forvaltningsstyret søknad frå Ola Steinsvik om oppgradering av Langegjerdevegen i Steinsvik til skogsbilveg, vegklasse 4 etter Normaler for landbruksveier.
Det vert sett ein byggefrist på 3 år frå vedtak er gjort.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

*I medhald av Forskrift for planlegging og godkjenning av landbruksveier godkjenner Forvaltningsstyret søknad frå Ola Steinsvik om oppgradering av Langegjerdevegen i Steinsvik til skogsbilveg, vegklasse 4 etter Normaler for landbruksveier.
Det vert sett ein byggefrist på 3 år frå vedtak er gjort.*

PS 81/15 Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 - handsaming i forvaltningsstyret

Administrasjonen si tilråding:

Handsaming:

Øyvind Festø kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljosaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen.

Røysting:

Forvaltningsstyret har ikkje noko å merke til framlegget til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

Framlegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015

Forvaltningsstyret har ikkje noko å merke til framlegget til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

Oversending til administrasjonen:

Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljosaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen.

Møtet slutt kl. 17:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18.11.2015

Unni Strand
sekr.